



Bridgen startar igjen måndag 19. august!

Hei!

Sommaren er på hell og det begynner å bli på tide på tenkja på meir haustlege aktivitetar. Mange har sikkert spelt bridge gjennom heile sommaren, medan andre ikkje har tatt i eit kort etter at klubbspelinga tok pause i slutten av mai. No startar vi opp igjen. Første spelekveld denne sesongen blir **måndag 19. august**, og vi speler som vanleg i Os Eldresenter. **Spelestart klokka 18.30.**

Styret denne sesongen

Reidar Dale blei valt til ny leiar på årsmøtet i mai. Styret består elles av Linda Rasmussen, Wenche Nyborg, Leif Juvik og Joleiv Midttveit. Ta gjerne kontakt med ein av oss om du har noko på hjarta. Reidar har telefon **922 84 662**.

Vi har plass til fleire

Kjenner du nokon som speler bridge eller ynskjer å læra spelet? Ta dei gjerne med ein måndagskveld, enten dei ynskjer å spela eller berre sjå kva vi held på med.

Juniorbridgen

Juniorklubben som blei starta vinteren 2018 har sin første spelekveld fredag 16. august. Nærare 20 ungdomar i alderen 9-16 år var med å spelte då vi slutta av i vår, og vi håper at enno fleire blir med i haust. Brosjyre om klubben med terminliste ligg ved. Del ut og ver med å gjera tilbodet kjent for ungdomen i bygda.

Speleavgift

Årsmøtet vedtok å auka speleavgifta på spelekveldane frå kr. 50.- til 70.- pr spelekveld, men med moglegheit å betala for alle kveldane samla to gonger i året for kr 60.- pr. kveld. Dei som ynskjer å betala samla for haustsesongen 2019 kan gjera det til konto 3631.50.30867. Pris for haustsesongen, inkl. årskontigent 2020 er 1380.-.

Vel møtt til bridgestart måndag 19. august klokka 18.30!



Vil du støtte oss med din grasrotandel?

OS BRIDGEKLUBB

Org.nr: 995591359



32774995591359



NORSK TIPPING